

GLITRE NETT AS
Postboks 7007
3007 DRAMMEN

Vår dato: 26.06.2026

Vår ref.: 202411592-119 Oppgje ved kontakt


NVE godkjenner Glitre Nett AS si justering av detaljplan for 132 kV Kulia-Leire– endra tilkomst ved mellombels køyrespor til mastepunkt 56-57

Me viser til søknad frå dykk om endring av godkjend detaljplan for 132 kV kraftleidning Kulia-Leire i Kristiansand kommune, Agder fylke. Søknaden ligg vedlagd.

Beskriving av dei søkte endringane

NVE viser til Glitre Nett sin e-post av 22. juni 2026 med søknad om å endre tilkomst frå Hellersdalsvegen og inn til ryddebeltet ved mastepunkt nr. 56 og 57 i Søgne marka. De viser til godkjenningsvedtaket for detaljplanen datert 26. mars 2025.

I søknaden dykkar føreslår de å leggje om tilkomsten som vist i figur 1a) nedanfor. Ny ynskja tilkomst har ei lengde på om lag 90 meter og ligg innanfor same eigedom som den allereie godkjende tilkomsten. Opphøveleg godkjend tilkomst har ei lengde på om lag 100 meter og er vist i figur 1b).



Figur 1. a) Ny søkt tilkomst vist med gul farge i samband med ryddebelte (rosa farge) for kraftleidningstrasé, og b) med visualisering av utfordring med opphøveleg godkjend tilkomst (lilla farge).



Glitre Nett skriv at endringa er naudsynt grunna ei fjellskjering som gjer at det er utfordrande å ta seg fram i den opphavleg planlagde tilkomsten frå Hellersdalsvegen inn mot kraftleidningstraseen ved mastepunkt nr. 56 og 57. Endringa skal sikre ein meir hensiktsmessig tilkomst til ryddebeltet og gje eit redusert terrenginngrep samanlikna med opphavleg løysing. Ingen nye naturtypar eller artar vert råka av endringa og sen samla vurderinga frå Glitre Nett er at endringa vil gje avgrensa verknader for miljø og samfunn.

Glitre Nett har vore i dialog med Kristiansand kommune, Agder fylkeskommune og råka grunneigarar.

NVE si behandling av endringssøknaden

Energilova opnar for å ikkje kunngjere og sende søknad om endring av detaljplan på høyring når det «finnes unødvendig».¹ Etter vår vurdering er saka godt nok opplyst til at me kan fatte vedtak utan at søknaden vert sendt på høyring eller kunngjort.

NVE meiner at den søkte endringa er å betrakte som ei mindre endring av detaljplanen og at det ikkje er naudsynt med kunngjering eller høyring i denne saka. Me har derfor ikkje sett behov for å innhente fråsegn i behandlinga.

Kristiansand kommune, Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder orienterast med kopi av dette vedtaket. Me føreset at Glitre Nett orienterar andre aktuelle partar om vedtaket.

NVE si vurdering

Etter NVE si vurdering vil ikkje arealbruken ha andre landskaps- eller miljømessige konsekvensar enn den tidlegare godkjende løysinga i vedtak datert 26. mars 2025. Opphavleg godkjend tilkomst for strekninga som søkjast endra er i form av mellombels køyrespor, og me legg derfor til grunn for godkjenninga av den søkte endringa at den nye ynskja tilkomsten også er i form av køyrespor som skal tilbakeførast etter bruk.

NVE legg til grunn for godkjenninga at arbeida skal gjennomførast i tråd med prinsipp for terrengtilpassing og istandsetting som tidlegare er godkjent av NVE. Me minner om at alt mellombels opparbeida areal skal tilbakeførast til opphavleg tilstand innan anleggsarbeida vert avslutta.

De miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er vurdert i konsesjonsvedtaket datert 22. april 2024 og i detaljplanvedtaket. Endringa rår ikkje naturmangfald utover dette. Me har derfor ikkje gjort nye vurderingar etter naturmangfaldlova kapittel II i dette vedtaket.

Me minner om at de må innhente eventuelle andre naudsynte løyve etter andre lovverk.

¹ [Energiloven § 2-2](#) femte ledd (lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.)



NVE sitt vedtak

NVE godkjenner endringa som går fram av søknaden datert 22. juni 2026. Godkjenninga har heimel i anleggskonsesjonen datert 22. april 2024, post nr. 10 og den godkjente detaljplanen datert 1. november 2024. Godkjenninga gjevast på følgjande vilkår:

Endringa må være i samsvar med vilkår og føresetnader gjevne i konsesjonen datert 22. april 2024 og i vedtaket om godkjenning av detaljplan for 132 kV kraftleidning Kulia-Leire datert 26. mars 2025, samt vedtak om endringar frå detaljplanen datert hhv. 1. juli 2025, 27. oktober 2025, 18. november 2025, og 5. januar 2026.

Dette vedtaket kan klagast på av parter i saken og andre med rettsleg klageinteresse. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side. Me har utvida klagefristen på grunn av sommarferien.

Med helsing

Torben Lode
rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

GLITRE NETT AS

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE
KRISTIANSAND KOMMUNE
GLITRE NETT AS - Ellinor Borgi



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 10. august 2026. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.